

## Framlegg til ny hytterenasjonsordning i Tokke – høyring/ offentlig ettersyn

Renovest planlegg omlegging av dagens hytterenasjonsordning, som etter planen skal iverstetjast i åra 2020 - 2022. Dette inneber endringar i returpunkta for hytterenasjon.


Renovest har utarbeida eit forslag til regional plan for hytterenasjonen i eigarkommunane. Planen vert utarbeida med bakgrunn i avfallstatistikk frå dei siste åra, tilbakemeldingar frå spørjeundersøkinga som er sendt alle hytteabonnentar i regionen, og av omsyn til logistikk og klimafotavtrykk. Planen vert vidare presentert plankontora i kvar einskild kommune, for innspel, tilbakemeldingar og ein aktiv diskusjon.

Under kan du sjå kart over alle punkt hytteabonnentar i Tokke i dag kan nytte. I krysset til Midjås, Åsgrend og Bessdalen/Håtveit er det i dag samledunkar for både hytteabonnentar og hushaldningar. Desse vert ikkje fjerna, og årsaken til at dei ikkje er med i oversikten er at Renovest ser på dei som samledunkar for hushald og ikkje hyttereturpunkt. Det same gjeld dunkane på Treungvegen i Byrtedalen.

Dunkar som er tenkt fjerna i planene i Tokke er:


- ✓ Krysset til Langesæ (Eidsborg)- 1000 liter
- ✓ Mostøyl – 2x 1000 liter
- ✓ Bandakslid – 2x 1000 liter (vert tømd av vanleg rutebil på runda til Lauvvik, men berre hytteabonnentar som nyttar dei)

Renovasjonsbilen køyrer både Kvålsrend og Mostøyl, og returpunkta der er berre for hytteabonnentar.



Figur1- Eksisterande returpunkt for hytter

## Førebels ny hytterenasjonsplan for Tokke kommune:



### Containerpunkt tenkt fjerna i planen er som følgjande.

- ✓ Fyråi, Hallbjønnsekken (må nytte punkt på Hallbjønnsekken dagparkering eller Borsæ)
- ✓ Hallbjønnsekken kommunale hyttefelt (må nytte punkt på Voilen eller dagparkering)
- ✓ Hallbjønnsekken senter (må nytte punkt på Voilen eller dagparkering)
- ✓ Kvålsgrend (må nytte punkt i Høydalsmo, Kviteseid eller Morgedal)
- ✓ Lårdal nedre (må nytte punkt i Høydalsmo eller Eidsborg)
- ✓ Lårdal øvre (må nytte punkt i Høydalsmo eller Eidsborg)
- ✓ Skinan på Grønlihei ( må nytte punkt i Åmot eller Høydalsmo)
- ✓ Åmdalsverk (må nytte punkt på Krossli eller Holtebru)
- ✓ Mo (må nytte punkt i Kleppholt eller Vistad)

### Punkt som vert flytt/nye:

- ✓ Sandvik (vert flytt til Øyfjell)
- ✓ Holtebru (her må me finne ein meir egna plassering!)
- ✓ Vistadmoen (nytt punkt tilknytt avfallsmottaket på Vistadmoen)

- ✓ Hallbjønnsekken dagparkering (nytt samlepunkt som erstattar Hallbjønnsekken kommunale hyttefelt og Hallbjønnsekken senter)
- ✓ Voilen (flytting og utviding av returpunkt mot fylkesgrensa mot Valle)
- ✓ Borsæ (nytt samlepunkt i området Borsækroi)

Når det gjeld glas/metallemballasje og papp/papir-containerane på Dalen (ved brannstasjonen og ved Dalen Brygge), så meiner Renovest det er lurt å fortsatt ha containerar i kommunesentera til føremålet, sjølv om alle hushald nå får eigen dunk til glas- og metallemballasje. Kven av desse to punkta som skal behaldast finn me ut av saman.

Framdriftsplanen for omlegging av returpunkta i Tokke, er slik:

Hallbjønnsekken P-plass	2020
Voilen	2020
Bordsæ	2020
Sveigen	2020
Høydalsmo	2020
Krossli	2020
Sauli/Øyfjell	2021
Kleppholt	2021
Byrte / Vinjesvingen	2021
Holtebru	2022
Vistadmoen	2022
Eidsborg	2022

OBS OBS! Punkta i kartet er meint å vise til eit geografisk område. Endelig plassering er ikkje avklart korkje med kommune eller grunneigarar.

Tokke kommune ynskjer innspel og evt. merknader til framlegget, før politisk handsaming i Landbruk, miljø og teknisk utval og deretter kommunestyret.

Dalen/ Renovest 18. mars 2020

**Plan, næring og teknisk etat**

**Tokke kommune**